

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
048/23	Ungdomsråd	PS	04.09.2023
066/23	Formannskapet	PS	06.09.2023
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ingri Thomassen	22/2015

Handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024-2027

Vedlegg:

Handlingsprogram 2024-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Handlingsprogrammet med tiltaka i prioritert rekkefølge vert vedtatt slik det ligg føre.

Ungdomsråd - 048/23

UR - behandling:

Ungdoms- og idrettskonsulenten la fram saka.

UR - vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

Formannskapet - 066/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Formannskapet innstiller på at handlingsprogrammet med tiltaka i prioritert rekkefølge vert vedtatt slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

For å få innvilga spelemiddeltilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet krev fylket at (1) Kommunen har ein gyldig KDP for idrett og fysisk aktivitet og (2) Handlingsprogrammet for anlegg vert rullert årleg.

Det er eit stort etterslep på tildeling av spelemidlar, og Vestland fylke har ca 3-4 år etterslep. Det

betyr i praksis at eit prosjekt ikkje kan vente tildeling før det har gått ca 3 år etter første godkjente søknad. Det er òg varierende i kor mykje kommunane får tildelt kvart år. Dette vert avgjort av kommunens søknadssum og tal søknadar.

Det kan søkjast om spelemiddeltilskot til to kategoriar

1. Ordinære anlegg
2. Nærmiljøanlegg

Bakgrunn

Kulturdepartementet fordeler kvart år tilskot av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i kommunane. Ordninga skal bidra til utbygging og rehabilitering av idrettsanlegg, slik at flest mogleg kan driva idrett og fysisk aktivitet. Fylkeskommunane forvaltar og fordeler spelemidlane, som kjem av overskotet til Norsk Tipping.

Handlingsprogrammet er eit verkemiddel i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet, ein arbeidsplan for tiltak/mål. Programmet inneheld ei oversikt over kortsiktige (4 år) og prioriterte anleggstiltak og langsiktige (12 år) uprioriterte tiltak som kan vera aktuelle i eit lengre perspektiv. Handlingsprogrammet tek utgangspunkt i handlingsprogrammet frå vedtatt plan. Osterøy kommune sin fungerande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er frå perioden 2008-2019 er utgått, men vert forlenga fram til denne vert revidert.

For å kunne gjere velgrunna prioriteringar ved tildeling av spelemidlar, er ein avhengig av at handlingsprogrammet for idrett og fysisk aktivitet vert rullert årleg.

Vurdering

Dagsturhytta Brakabu blei tildelt spelemidlar no i 2023 og går derfor ut av handlingsprogrammet.

Desse seks søknadsklare ordinære anlegga til hausten vert prioritert i følgjande rekkefølge

1. Reiskapshus (8x20m) ved Fotlandsvåg arena – 3.gongs fornying av søknad
Søklar er Fotlandsvåg IL og reiskapshuset skal nyttast av Fotlandsvåg IL og Mjøsdaalen IL.
Huset vert lager for utsyr til ulike aktivitetar på anlegget, samt utstyr for drift og vedlikehald.
2. Rehabilitering av kunstgrasdekke på Furubakken Valestrand – 3.gongs fornying av søknad
Nytt kunstgrasdekke, med ifyll av gummigranulat, samt nytt lysanlegg
3. Rehabilitering av kunstgrasdekke i Fugledalen Lonevåg – 2.gongs fornying av søknad
Nytt kunstgrasdekke med ifyll av kokos og kork, samt lysanlegg og vatningsanlegg.
4. Lysanlegg til kunstgrasbana i Haus – 2.gongs fornying av søknad
Skifte til LED lys
5. Bruviknipa tursti
Utbetring av delar av stien, ca 1,1 km. Tiltak er klopper og bruer i stein i blaute parti, samt sherpatrapper i det mest utsette og brattaste partiet.
6. Rehabilitering av klubbhus i Haus – ny søknad
Rehabilitering av garderobar, samt nytt ventilasjonsanlegg og varmeanlegg

Status nærmiljøanlegg

I år er det meldt inn eitt søknadsklart nærmiljøanlegg.

1. Bruvik idrettslag utarbeider området på grusbana nedanfor Knausatun på Bruvik. Dei søkjer om spelemidlar for ei multibane (ballbinge) med størrelse 20x40m, der ein kan drive ulik ballaktivitet som tennis, fotball, handball, basketball ol. Bana er inngjerda og har

kunstgrasdekke med ifyll av sand.

Innspel frå idrettsrådet

Idrettsrådet fekk tilsendt handlingsprogrammet for uttale, og hadde ingen innspel.

Folkehelse

Utvikling av anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er viktige verkemiddel for å auke fysisk aktivitet for innbyggjarane og betre folkehelsa.

Miljø

Betre moglegheit for å vera fysisk aktiv der folk flest bur, legg til rette for mindre transport og meir trivsel.

Økonomi

Det er krav frå fylket om rullering av handlingsprogrammet for å kunne søkje spelemiddeltilskot.

Konklusjon

Handlingsprogrammet vert vedteke slik det ligg føre.